


# BOKN BYGDEBLAD

Nr.6

1986

årg.1

## Fastlandssamband for Bokn:



**HOVED  
PLANEN  
GOD  
KJENT  
I  
VEG  
DIREKTO  
RATET**

**LES S. 2**

# fastlandssamband for bokn: HOVEDPLANEN GODKJENT

Avdelingsingeniør Bjørn Alsaker ved Vegkontoret i Stavanger kunne ny leg opplysa til Bokn Bygdeblad at Hovedplanen for fastlandssambandet til Bokn vart godkjent i Vegdirektoratet for 14 dagar sidan.

Dermed er det nå endeleg avklart at prosjektet blir ein realitet, og ein kan alt i sommar koma til å starta arbeidet med å fylla steinmasse i moloen i Arsvågen. Ein har nemleg eit tilbod på 150.000 kubikkmeter fjellblokk som kan brukast i moloen. Massen skal i tilfelle fyllast frå Laksaberget til Nordre Solholmen.

Det går i desse dagar ut ein annonse i avisene om at Hovedplanen er godkjent, og det er då 3 vekers klagefrist som går på sakshandsaminga.

Når det gjeld bruene, så arbeider ein framleis med dette i Vegdirektoratet. Det som er endeleg klarert, er at brua over Boknasundet skal ha ei høgd på 25 meter, og at det vil bli lågbru (6 - 7 meter) over Frekasundet. Når det gjeld Ognasundet har Vegsjefen innstilt på at det skal vera ei 15 meter høg bru, medan Kystverket vil ha 20 meter. Dette vil då måtta avklarast.

Detaljplanen for moloen ved Arsvågen har fått positiv uttale frå fiskeristyresmaktene, og er nå sent Kystdirektoratet til godkjenning.

Bokn kommune vil få planen til uttale innan kort tid.

Når Hovedplanen er heilt klarert, og fristen for klage er ute, vil Vegkontoret etter sommarferien starta opp med møter med grunneigarane langs vegtraseen. Det vil sannsynlegvis starta i nord, og gå etappevis sørover. Etter at grunnavståelse så er ferdig, vil ein gå i gang med meir nøyaktige berekningar av veglina. I slutten av 1986 reknar ein så med at heile planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Ein vil så i 1987 arbeida vidare med sakshandsaming ved rørende grunnavståelse.

For tida driv ein med grunnundersøkjingar av botntilhøva i Boknasundet for plassering av brufundamenta. Ein har her ikkje støytt på nemne verdige problem, opplyser avdelingsingeniør Bjørn Alsaker.



MELDING OM GODKJENT HOVEDPLAN FOR RIKSVEG 512  
SUSORT - BOKN FERJELEIE  
FERJESAMBAND OVER BOKNAFJORDEN

Vegsjefen gjør med dette kjent at hovedplan for rv 512 Susort - Bokn ferjekai er godkjent etter alt. 1 - Arsvågen med alt. vest på Susort og Ognøy, av Vegdirektoratet .

Vedtaket er fattet med hjemmel i forskriftene til veglovens § 12, vedtatt av Samferdselsdep. 7. oktober 1980.

Grunneiere og rettighetshavere som berøres av planen kan bringe vedtaket inn for Samferdselsdep. til overprøving på grunnlag av saksbehandlingsfeil, feil lovanvendelse eller annen ugyldighetsgrunn. Det er kun fylkeskommunen, berørte kommuner og statlig myndighet som kan kreve overprøving av planens skjønnsmessige sider.

Frist for å kreve overprøving av vedtaket er satt til 9. juli 1986. Adr. for innlevering: Statens vegvesen, Rogaland, vegkontoret, Postboks 197, 4001 Stavanger.

Vegsjefen i Rogaland



**Svanene  
i  
Våga**

Det svaneparet som hadde reir i søre enden av "Vågatjødnå" er nå blitt foreldre. Rundt 1. juni vart dei oppdaga med 5 små nøster etter seg. Det er Solveig Våga i Våga som opplyser dette til Bokn Bygdeblad. Ho fortel vidare at det i fjor var 2 ungar, medan det for to år sidan berre var 1 svaneunge.

Bygdebladet har vore i kontakt med Harald Herredsvela på Sandnes som driv med registreringsarbeid av svaner. Han kan opplysa at dei to svaneungane var i søre del av fylket i vinter, og den eine av dei omkom. Ein er usikker på om det var ei bl yforgifting eller ein kollisjon med kraftline.

Den attlevande fjorårsungen er merka, og ein er interessert i opplysningar dersom nokon har sett den. Ein er i det heile interessert i alle opplysningar om svaner her i distriktet. Ein kan melde frå til Herredsvela i tlf. 04 67 35 27 eller til Stavanger Museum.

Dei svanene som hekkar her i Bokn er såkalla knoppsvaner, og det er det einaste paret ein kjenner til som hekkar i Nord-Rogaland. Elles er det ein kolo ni på 32 par på Jæren, pluss andre stader i Sør - Norge. På vinteren held dei gjerne til i isfri område, t.d. Hafrsfjord og ved åpne elvemunningar i Sør Rogaland. Paret som hekkar i Våga held seg i Hafrsfjord sist vinter.

Når svanene skal til å hekka om våren, jagar dei alltid fjorårsungane frå seg. Då kan det vera eit svært spetakkel medan dette står på, men det er heilt normalt, og høyrer til naturens orden.

**NYTT FRÅ**



**BOKN  
TRYGDEKONTOR**

**ALDERSPENSJON FRÅ FOLKETRYGDA**

**NYE PENSJONSBELØP FRÅ 1.MAI 1986**

Alderspensjonen frå folketrygda er samansett av fleire delar, f.eks. Grunnpensjon, Kompensasjonstillegg, Sært tillegg, Forsørgingstillegg for ektefelle som ikkje har eigen pensjon eller inntekt over grunnbeløpet, og forsørgingstillegg for barn under 18 år som vert forsørga. Det som her er opprekna kallar me **MINSTEPENSJON**.

Størrelsen på denne pensjonen vert fastsett av Stortinget. Etter siste endring frå 1. mai 1986 er pensjonen for ein einsleg utan tilleggspensjon fylgjande:

Grunnpensjon pr. mnd.	kr.2.333,-
Sært tillegg " "	" 1.272,-
Kompensasjonstillegg "	" 42,-
	<hr/>
	= <u>kr.3.647,-</u>

Tillegget for ektefelle utan eiga inntekt er 50 % av grunnbeløpet. Det vil seia kr. 1.167,- pr. mnd. + eitt tillegg i kompensasjonstillegget på kr. 21,- pr. mnd. Forsørgingstillegget for barn under 18 år som vert forsørga er 25 % av grunnbeløpet eller kr. 583,- pr. mnd.

Ektefeller som begge har pensjon får kr. 2.942,- pr. mnd.

Opptening og utrekning av tilleggspensjon skal me koma tilbake til i eit seinare nummer.

Med venleg helsing



**BOKN  
TRYGDEKONTOR**

# X-ord, laga av to gutar i 6. klasse ved Bokn skule.


## X - O R D Louis, Magne

### Vassrett

1. Planet
5. Mat
8. Drikk
10. Drikk
11. Instrument
12. To
15. Fiskereidekap
17. Land
19. Forente Nasjoner
20. Bilmerke
21. Ikkje opp men...
22. Skremmeord
24. Verdedel
27. Kopervik idrettslag
28. Kald væk
29. Stille
33. Norsk Rikekringkasting
34. Husdyr
35. Land
36. Noko kettane har

### Loddrett

1. .... Panther
2. Planet
3. Instrument
4. Pålegg
5. Køyrety
6. Namn
7. Disney figur
8. Tal
9. Land
14. Tresort
16. Tresort
18. Indianerstamme
20. Vind
21. Land
23. Har pengar i
25. Mykje pengar
26. Popgruppe
30. Gammel på engelsk
31. Teneberg klubb
32. Spre



# Kulturmidlar

Bokn kulturstyre fordelte i siste møte kr. 72.600,- i grunnstønad til 17 lag og organisasjonar i Bokn. Det er retningsliner om korleis midlane skal fordelast, men noko er også etter skjønn.

Minst halvparten av midlane skal fordelast etter bestemte reglar, dvs. at det er ein fast grunnsum pr. lag, eit fast beløp pr. medlem, og eit fast beløp pr. samling eller møte. Visse aktivitetar skal i fylgje reglane prioriterast ved tildelinga, t.d. aktivitetar for barn og ungdom.

Som ein vil sjå av oversikten over dei som har fått midlar, er det nokon som har fått små beløp. Dette skuldast at dei ikkje har søkt om større beløp.

Her er oversikten:

Hognaland s. skule	kr.	500,-
Barnefor. "Havdur"	"	2.000,-
Bokn Brass	"	9.000,-
Bokn Vevstove	"	2.500,-
A. Bokn gutte/jentekl.	"	2.000,-
A. Bokn s.skule	"	500,-
Bokn Hagelag	"	1.500,-
Bokn Yngres	"	2.000,-
Hognal. Barnefor.	"	2.000,-
Bokn MC-klubb	"	500,-
Petra fritidsklubb	"	1.800,-
Bokn Idrettslag	"	19.050,-
Kyrkjetonar	"	750,-
Bokn Skulekorps	"	22.000,-
Kyrkjebygd s. skule	"	1.000,-
Bokn Pensjonistfor.	"	2.500,-
Diskoteket	"	3.000,-

Utanom dette fordelte kulturstyret kr. 733,- til kvart av dei tre bedehusa. Dette kallast driftsstønad.

Pengane vil bli sendt ut til dei ulike lag og foreningar nå med det første, og vil truleg vera til god hjelp for å halda det frivilljuge arbeidet i gang framover.

# BYGDEBOK- NEMND

Bokn kulturstyre har den siste tida drøfta oppstarting av bygdebokarbeid. Fleire måtar å gå fram på har vore diskutert. Problemet er først og fremst at det er veldig dyrt å få skrive bygdebok, men det er mogleg å koma i gang utan at det skal kosta så altfor mykje, og det er også måtar å få gjort arbeidet på som ikkje treng å vera så veldig kostbart, t.d. å få ein hovudfagstudent til å gjera ein del arbeid.

Det er frå før av eit bygdebokfond i kommunen på noko over kr. 20.000,-. Kulturstyret har i langtidsbudsjettframlegget foreslått å setja av kr. 10.000,- i 1987, kr. 20.000,- i 1988, og kr. 30.000,- i 1989.

Ei bygdeboknemnd vart på siste kulturstyremøte oppnemnt, og kulturstyret har sendt dette framlegget til bygdeboknemnd over til formannskapet:

Sigvart Våga, Olaug Hognaland, Svein Ivar Langhelle, Liv Vatnaland, Vidar Grønnestad og Solveig Ellingsen.

Ein veit at det er mykje å ta fatt på for denne nemnda. Det ligg mange bilete rundt i heimeane som måtte vore interessant å få kopierte, systematiserte og på ein eller annan måte kanskje lagt ut for sal.

Eliseus Vatnaland sine samlingar i Statsarkivet inneheld også mykje interessant stoff, og burde vore redigert og kanskje gjort betre tilgjengeleg for folk. Dette med å intervjua eldre folk om eldre tider, er også viktig for at gamal historie ikkje skal gå fortapt.

Mange andre kommunar i Rogaland har alt lagt ned eit stort arbeid i dette med å skriva bygdebok, Tysvær kommune har nettopp tilsett Svein Ivar Langhelle til å skriva si bygdebok.

# Aktiv fotballgruppe i Bokn I L

Bokn IL deltar i år med eit smågutelag i kretsserien for aldersbestemte lag. Det er i hovudsak gutar fødd 1972- og 73 som kan delta på eit smågutelag, men Bokn IL har fått dispensasjon til å bruka to spelarar som er fødte i 71. Innbyttarane har i for det meste vore henta frå 74-års-klassen. Desse er eigentleg ikkje smågutar før til neste år.

Laget har gjort det svært skarpt denne våren, og dei har til no vunne alle kampane sine. Resultata har vore slik:

Kopervik 3 - Bokn	0 - 13
Bokn - Torvastad 2	7 - 0
Bokn - Ferkingstad	5 - 2
Kopervik 4 - Bokn	0 - 3
Bokn - Kopervik 3	5 - 0

Til hausten gjenstår det tre seriekampar. I tillegg til kretsserien skal laget delta i ei turnering i sommar. Det er Nordsjøcupen, som foregår på Jæren i slutten av juni. Laget vonar å gjera det bra også der. Dei vil då møte lag frå heile Rogaland og dessutan frå Sunnhordland og Agder.

Laget har trena ein gong i veka i frå februar og fram til no. Treningane har vore leia av Olav Haga. Men frå hausten står laget utan trener/leiar. Dersom nokon kan tenkja seg å overta ansvaret for smågutelaget, må dei snarast melde frå til formannen i idrettslaget - Tor Kjell Foss.-

Følgjande spelarar har vore med: Stig Helge Haram, Ronny Taraldlien, Kjell Olav Skjelde, Trond Lindanger, Leif Arild Sæbø, Trond Foss, Bjarte Langhelle, Louis Medhaug, Terje Jøsang, Hans Rune Øvrebø, Christian Ovidth, Jan Kristian Jøsang, Atle Jøsang, Terje Alvestad, Jan Oscar Larsen, Hans Marius Våga og Gjermund Sæbø.

---

## Kan du svare ?

1. Kven er formann i Bokn Idrettslag ?
2. Kva tid blei nye skulen bygd ?
3. Kva tid blei idrettslaget stifta ?
4. Kva for eit fylke ligg Trollveggen i ?
5. Kven var Landslagstrener til England i 1966 ?
6. Kva heitte profeten som gjekk ilere hjå Eli ?
7. Kven blei verdsmeister i fotball i 1962 ?
8. Kva tid var fyrste månelanding ?
9. Kva tid deyde John F. Kennedy ?
10. Kven har måla Mona Lisa ?
11. Når blei John Lennon myrda ?
12. Kva var han kjend for ?
13. Kven blei toppscorer under VM i 1982 ?

## svar - snu arket

11. 1980	12. Beatles	13. Paolo Rossi
6. Samuel	7. Brasil	8. 1969
9. 22 nov. 1962	10. Leonardo Da Vinci	5. Alf Ramsay
1. Tor Kjell Foss	2. 1972	3. 12 januar 1972
4. Møre og Romsdal	6. Alf Ramsay	

SVAR PÅ SPØRSMÅLA:

# VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN

Man. 30. juni Tir. 1. juli Ons. 2 Tor. 3 Fre. 4	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Lør. 5 Søn. 6	Gunn Gr.stad har vakt heile helga.	
Man. 7 Tir. 8 Ons. 9 Tor. 10	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08 til fredag 11/7 kl.08.
Fre. 11 Lør. 12 Søn. 13	Else Nilssen har vakt frå fredag kl.08 og heile helga.	
Man. 14 Tir. 15 Ons. 16 Tor. 17 Fre. 18	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Else Kristine Nilssen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 19 Søn. 20	Else Kristine Nilssen har vakt heile helga.	
Man. 21 Tir. 22 Ons. 23 Tor. 24 Fre. 25	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 26 Søn. 27	Eva Svendsen har vakt heile helga.	
Man. 28 Tir. 29 Ons. 30 Tor. 31 Fre. 1. august	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Else Kristine Nilssen har vakt frå kl.16-08.

## MERK:

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pleieoppdrag Andre som treng hjelp denne dagen kontaktar legekantoret telefon 35 465.

## TELEFONAR:

ELSE NILSSEN 35 338  
GUNN GR.STAD 35 593  
EVA SVENDSEN 35 339  
ELSE K.NILSSEN 35 338  
LEGEKANTORET 35 465

\*\*\*\*\*

## LEGEVAKTTENESTE.

For dei som ønskjer å kontakta legevakta direkte utan å gå om heimesjukepleien, er tlf.nr 52 520 (Kopervik) kvardagar mellom kl.15-08.  
Laurdag og søndag døgnvakt.



## Bokn TV og FM sender

Bokn sitt kjenneteikn er vel for dei fleste av oss Boknafjellet og masta. Men ein tenkjer vel kanskje ikkje på at det skjer noko der oppe, og at fleire faktisk har arbeidsplassen sin der.

Bokn Bygdeblad har imidlertid registrert ein viss byggeaktivitet der oppe, og me tok kontakt med den daglege tilsynsmannen, Peder Wåge, for å få litt informasjon.


Først eit lite resymé:

Peder Wåge har vore tilsynsmann på Boknafjellet sidan ein starta med bygginga i 1959/60. Han kan fortelja at sendaren kom opp i 1961, at veggen kom i -73 og at ein fekk ny sendar i 1974. Sjølv masta er 148 m. høg, så dei har godt utsyn dei som må opp for å reparera!


Anlegget på Boknafjellet inne held pr. i dag masta, radio linjemasta, den gamle boligseksjonen som no skal nyttast til å lagra ventilasjonsutstyr, vidare eit radiolinerom og sendarsal, to garasjar og ein ny boligseksjon.

Den nye boligseksjonen vart bygd i 1985, og her har ein fått soveplassar, opphaldsrom og te-kjøkken. Ute har ein køyrd til mold og sådd i, slik at ein no kan presentera eit moderne og funksjonelt anlegg som òg ser flott ut frå utvida sida.


Så det er kanskje ikkje så dumt å leggja søndagsturen til toppen av Boknafjellet neste gong?



Utanom hovedsendar for TV og FM, er Bokn trafikknutepunkt for telefon, mobil og VHF trafikk.



# « Biblioteket »



**OPNINGSTIDER:**

**TIRSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>**

**TORS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>**

**LESETIPS  
FOR FERIEEN:**

**NYE  
bøker for barn:**

- \* Hunnestad, Steinar:  
Nödalarm fra Nordsjøen: major Nils Reidar Roaldsøy forteller om 330-skvadronen og redningsaksjoner.
- \* Walle, Bjarne:  
Drømmen om Aste. 1985.
- \* Puzo, Mario:  
Sicilianeren. Fortsettelse av Gudfaren. 1985.
- \* Reese, Ruth: Min vei. 1985.
- \* Sandve, Björg: Farvel rullestol.-85.
- \* Tveit, Odd Karsten:  
Nederlag: Israels krig i Libanon.-85.
- \* Thomas, Craig: Firefox. 1985.
- \* Cardinal, Marie: Gjennom ordene. -85.
- Lindgren, Astrid:  
Koste-Kari og de andre ungene .1985.
- Brunhoff, Jean de;  
Babar og julenissen.1985.
- Heine, Helme:  
Venner. 1985.
- Nordqvist, Sven:  
Minus og den store verden. 1985.
- Speare, Elizabeth George:  
Røde bror. 1985
- Ericson, Stig:  
Lille Ulv og den ensomme.1985.
- Löfgren, Ulf:  
Eventyret om de to tryllestavene.

**NB! DET ER FERIE I BIBLIOTEKET I JULI!**

## AKVAKULTUR/HAV BRUK

Haugesund Maritime Høgskole har planar om etablering av eit teknisk/merkantilt kompetansesenter i Nord-Rogaland. Som eit ledd i å realisera planane vil skulen starta ei 2-årig driftsingeniørutdanning i akvakultur/havbruk.

Høgskuleutdanninga vil gje kvalifikasjonar på eit mellomnivå, dvs mellom den praktisk orienterte utdanninga på akvakulturlina i den vidaregåande skulen og topputdanninga ved universiteta.

I første rekke blir det tatt sikte på å utdanna driftsleiarar på oppdrettsanlegg, men kandidatane vil også bli kvalifiserte for leiarstillingar i bedrifter som leverer utstyr, t.d. til oppdrettsnæringa. Studiet vil også gje åpning for leiarfunksjon på foredlingsida innan havbruk og den tradisjonelle fiskerinæringa.

Skulen søkjer nå kommunane i Nord-Rogaland om driftstilskot til dette studietilbodet inntil staten overtar drifta av skulen.

Saka blir handsama av Nord-Rogaland-Rådet den 16. juni 1986, kor ein vil prøva å koma fram til ei fordeling av dei totale utgifter.

Med tanke på fiskerinæringa si viktige stilling for regionsutviklinga her, har rådmannen i Bokn funne dette studietilbodet både interessant og verdifullt, og har gjeve slik tilråding til vedtak i sak 39/86 i Bokn kommunestyre den 3. juni:

- Bokn kommunestyre ser oppretta inga av ingeniørutdanning i akvakultur/havbruk ved Haugesund Maritime Høgskole som særskild verdifull.

Kommunen vil koma tilbake med ei konkret løyving til høgskuleutdanninga etter at saka har vore oppe til handsaming i Nord-Rogaland-Rådet.-

Saka vart samrøystes vedteke.

## UNIVERSITET I RO GALAND?

Rogaland Distriktshøgskole og Stavanger Ingeniørhøgskule er frå 1. januar 1986 slått saman til ein institusjon: Høgskolesenteret på Ullandhaug. Stortinget har nå gitt skulen løyve til også å driva sivilingeniørutdanning på universitetsplan.

Skulen har også bestemt at dei vil starta opp ei høgre administrativ/økonomisk utdanning med tilhøyrande forskning med tanke på bedriftsleiarutdanning. Eksamen herifrå vil då tilsvare eksamen frå Norges Handelshøgskole i Bergen eller Bedriftsøkonomisk Institutt i Oslo. Skulen har også Entreprenørutdanning på amerikansk høgskulenivå som Norge førebels er aleine om.

For å få til eit vidare trinn mot eit fullt studietilbod på universitetsplan, vil komiteen for reising av driftsfond måtte greia finansieringa sjølv fordi styresmaktene meiner at Rogaland alt har fått for mykje. Komiteen har difor vendt seg til næringslivet i fylket med spørsmål om å skaffa dei resterande 20 mill. som trengs totalt til drifta. Fleire kommunar i fylket er med på å gje støtte til drift av skulen. Bokn kommune er beden om ei løyving på kr. 25,- eller kr. 30,- pr. innbyggjar, ev. over ein 3-års periode, med ein tredjedel innbetalt i år.

Rådmannen har i saksframstillinga sagt at han ser det som positivt at ein får utdanningstilbod på universitetsplan her i fylket, og ga slikt framlegg til vedtak i siste kommunestyrevedtak:

- Bokn kommunestyre vedtek å gje økonomisk støtte til drift av høgre økonomisk/administrativ utdanning og forskning ved høgskolesenteret på Ullandhaug over ein 3-års periode, med totalt kr. 22.000,-.

Utgiftene for 1986 vert kr. 7.500,- og vert dekkja over post 1.881.290. Dei resterande kr. 15.000,- vil bli tatt opp i budsjettssamanheng for åra 1986 og 1987. -

Saka vart utsett. Ein vil sjå korleis andre kommunar stiller seg.

# PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

I DAG :

## Bokn skulemusikkorps

Skulekorpset kan sjå attende på ei 22 årig historie. Då dei fyrste to nane klang i 1964, var det rett nok både skulepliktige og vaksne utøvarar med. Etter kvart kom det til å bli eit reint skulekorps, slik det er i dag.

Korpset er på fylkesplan tilslutta Rogaland Musikkforbund og på landsplan Norges Musikkorps Forbund, ein organisasjon som samlar dei fleste skule- og amatørkorps i landet. Talet på aktive utøvarar i NMF var 91.525 i 1985.

Denne sesongen har vi hatt 32 medlemmer i hovudkorpset og 12 aspirantar. I tillegg er alle foreldra medlemmer, då i kategorien ikkje-utøvande, ein i høgste grad aktiv og nødvendig medlemskategori i skulekorpsrørsla!

Musikkinteressa er drivkrafta i eit lag som vårt, aktiviteten er publikumsretta, det gjev inspirasjon vidare det å få dela musikkoppleving og samspelsglede med andre. De kjenner oss sikkert frå høg tid og fest, konsertar og tilskipingar av forskjellig slag. Kan henda kjenner de ikkje så mykje til kvardagen i korpset. I grunnen er eit skulekorps ein musikkverkstad der nye stadig blir tekne inn og får si opplæring, går ut og gjev plass til nye. Fyrst er det ei aspiranttid med notelære, oppøving på instrument og den fyrste samspelstrening. Korpset gjev, i samarbeid med musikkskulen, opplæring på messinginstrument - både ventilinstrument og trombone -, samt opplæring på slagverk. Utanom dette har vi drilloplæring.

Etter aspiranttida skjer den vidare opplæringa i hovudkorpset, med

med ei fellesøving og gruppeøvingar kvar veke, i tillegg kjem den øving som kvar musikant står for sjølv. Vi har satsa ein god del på helgeseminar, anten åleine eller saman med andre skulekorps. Ei satsing på god opplæring er satsing på høg musikalsk standard, noko vi trur er den viktigaste og berande trivselsfaktoren i eit korps, dette saman med musikalsk framføring i eller utanfor kommunen.

Korpset kan sjå attende og minnst turar til stemne og korpstreff frå Kristiansand i sør til Masfjorden i nord. Blar ein i lagssoga, er det mangt eit høgdepunkt å finna. I den seinare tid står jubileumsåret 1984 i ein særstilling.:

Konsert med urframføring av Boknamarsj av Helge Aafloy med komponisten som dirigent, jubileumsfest med nye uniformar og utan landstur som avslutning om sommeren. Turen gjekk til Danmark, Tyskland og Nederland. Korpset spelte i Haag, i Roozenburg der vi vart mottekne på rådhuset, vi gjesta den norske sjømannskyrkja i Europort ved Rotterdam, og på heimturen var det konsert i Aalborg.

Den musikalske verksemda gjev ikkje pengar nok "i hatten" til drifta. Ein god kommunal støtte, gåver og inntekter frå auksjon, bingo, lynlotteri, utlodning av bunadsdokke og juleduk utgjer det økonomiske fundamentet.

Gode musikk talent, interesserte foreldre, god økonomi, stort publikum - kva treng vi meir?

framh. neste side

# SKULE MARSJEN 1986


BOKN SKULEMUSIKKORPS....  
framh.

Dirigent og instruktørar, til & løysa ut og odla fram musikalske krefter. Ofte er det eit problem å skaffa kvalifisert dirigent til skulekorpsa rundt om. Sant å seia har vi vore svært heldige her også heile tida. Som nå, ett er tre år med dyktig leiing legg Signe bort taktstokken i hovud korpset. Samstundes med at vi re ttar vår takk til henne, kan vi ynskja vår nye dirigent, Jardar Havikbotn, velkomen til oss, og så han musikalsk velutdanna og med dirigentpraksis frå skule korps.

helsing

Gunvor Dalby Vea

formann.



Bokn skule og 6-fjærungs- gruppa i Bokn barnehage var ein ønske i juni med på "Skulemarsjen 1986". Dette er ein marsj i rovd av "Korps- og turmarsj- forbund" og det ser ut til å vente eit årvisst fore- tak. I fjor var 80 opp skuleborn med i "Bredgjvi- lingsmarsjen".

Etter marsjen kunne ein få kjøpe eit turmarsjmer- ke. Inntekta av dette solt gjekk i år til eit skule- prosjekt i Addis Ababa. Vidare solte elevene lød i "Lrimlatteriet". Marsjloypa gjekk frå Bokn skule ned til Alvestadtre- ken, bort til Marsholmen og attende til skulen over Alvestad. Det var bra vær og god marsjlopp!

Løttsalet gav ei inntekt på kr. 1100 og loddsalet kr. 1600!

Etter marsjen var det fot- ballkamp mellom lærarane og elevene i 8.klasse. Vær- nen vart også av skulekor- pset og lærarane stillte i "Lrimlatteriet". Det var desse som hjalp til siger, skal vera usart!

## Utbygging av Bokn kommunale barnehage

I kommunestyret vart det tirsdag 2. juni einstemmig vedtatt å bygge ut Bokn kommunale barnehage. Utbygginga skal utførast av Bokn bygg og ein har allerede starta dette arbeidet.

# Levering av søppel til søppelplassen på Jøsen

En vil minne om at det er adgang for private til å levere søppel til søppelplassen på Jøsen den siste tirsdagen i hver måned. Søppel kan også leveres til andre tider ved avtale med Tor Jøsang. (tlf. 35 489).

Ved levering SKAL det betales avgift til Tor Jøsang. Avgiftene er for tiden:

Personbil, stasjonsvogn	kr.	8.-
Varebil m/ tilhenger	"	23.-
Traktor, pickup, stor varebil	"	40.-
Lastebil m/ vanl.karm	"	80.-
Lastebil m/ høy karm	"	160.-
Container og spesialbil er pr. kubikkmeter	"	23.-
Bilvrak	"	200.-

Det er registrert at stadig flere unnlater å betale avgiften. Nåværende ordning er basert på tillit til at kundene betaler avgiften uoppfordret, og en vil be om at ingen heller "glemmer" å betale.

Kommuneingeniøren.

# TV-AKSJON TIL HAUSTEN

Det er Kirkens Nødhjelp som skal stå for den årlege TV - innsamlingsaksjonen i år.

Her i Bokn er det soknerådet som skal stå for det praktiske arbeid et i samband med innsamlingsaksjonen.

# Mine-smell på Grønnestadvågen

Onsdag den 4. juni var det litt av ein eksplosjon på Grønnestadvågen. Det var ei mine frå krigens dagar som vart detonnert av spesialmannskap frå marinemannskap frå Haakonssvern ved Bergen.

Dei har eit eige fartøy som driv med slike oppdrag langs heile kysten.

Denne mina var av engelsk fabrikk, og låg på 15 meters djupn.

Etter eksplosjonen flaut det opp store mengder fisk på vågen, som vart samla opp i kassar. Det er Vidar Grønnestad som fortel dette til Bokn Bygdeblad. Det var han som melde frå om mina til politiet. Han var også med og påviste kor mina låg.

Ekspertane frå Haakonssvern sprengde først skalet på mina. Deretter vart sjølve mina sprengd, og det vart ein stor eksplosjon.

## LEDIGE STILLING

### KYRKJETENARSTILLING

### BOKN KYRKJE

Stillinga som kyrkjetenar i Bokn vert ledig frå 1. august 1986. Stillinga er 1/7 av lønstrinn 15, stillingskode 6729.

Arbeidet gjeld inneteneste.

Søknadsfrist 25. juli 1986.

Søknad kan sendast til Bokn sokneråd v/ Solveig Ognøy, 4290

FØRESVIK

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

## LEGE

Siste legedag før ferien blir fredag den 27. juni.  
Dr. Aune har ikkje kontordag før tirsdag den 15. juli, slik at i første halvdel av juli må ein venda seg til lege i Koper vik om ein har behov for det. Heimesjukepleien har vanleg vakt. Sjå vaktliste på midtsidene.

## FOTPLEIE

Det vert ikkje fotpleie i juli og august måned.

### *Bokn Bygdemuseum*


Bokn Bygdemuseum har ope kvar søndag frå kl. 15.00 - kl. 18.00 i juni - juli og august måned.

### I REDAKSJONEN:

TOVE STEINGILDRA - INGUNN VÅGE - REIDAR ALVESTAD - ynskjer alle lesarar av Bokn Bygdeblad ein god ferie og sommar.

Me tar også ferie nå - og kjem att med nytt nummer om to månader, i månedsskiftet august/sept.

## Sparebankenes Personkort



# Alt du trenger

